

Møteprotokoll ekstraordinært årsmøte i Molde Bridgeklubb

Møtet var avholdt 09.06.2020 kl 18:15 i Harmonien sine lokale.

Etter initiativ frå Arnt Rune Rausand har 16 medlemmar stilt seg bak kravet om ekstraordinært årsmøte. Dette er over 1/3 av klubben sine medlemmar og tilstrekkeleg til å kunne kreve nytt årsmøte.

Innmelde saker

1. Prosessen ved valkomiteen sitt arbeid, kvifor blei innstillinga endra på årsmøtet?
2. Valkomiteen må legge fram sitt forslag på nytt til årsmøtet

Valkomite er Eldbjørg Heimen Stenseth (leiar), Jan Kåre Tangen og Bjørnar Pedersen.

29 medlemmar er frammøtt i tillegg er det med 2 skriftlege fullmakter

Ordstyrar var Helge Talstad-Koppang og referent Jorunn Sølvberg. Tor Gunnar Hagbø og Inger Marie Dahle skal signere protokollen.

Innkallinga vart godkjent

Leiar i valkomiteen og leiar i styret har vendt seg til NBF v/generalsekretær Allan Livgård for å få rettleiing under forberedelsar til årsmøtet. Kopi av brev frå NBF er sendt til klubben sine medlemmer.

Sak 1. Prosessen ved valkomiteen sitt arbeid, kvifor blei innstillinga endra på årsmøtet?

Arnt Rune Rausand forklarar kvifor han tok initiativ til å be om nytt årsmøte. Han seier bakgrunnen til at leiarkandidaten til årsmøtet trekte seg ikkje vart kjent før valet, noko han tenkte burde ha kome fram før klubben føretok val av nytt styre. Han ønskjer at det som har skjedd skal luftast.

Helge Bremnes, som saman med Elbjørg Halvorsen var valkomité for årsmøtet 20. mai, orienterte om valkomiteen sitt arbeid.

Ein hendelse som vart opplevd svært negativ for dåverande leiar gjorde at ho trekte seg som leiarkandidat kort tid før årsmøtet (2 t før). Valkomiteen hadde då ingen anledning til å legge fram nytt forslag før møtet.

Dei involverte og medlemmane i valkomiteen fekk anledning til å fortelje om prosessen fram til valet i årsmøte, og korleis dei opplevde dette.

Det vert bedt om at ein ikkje går nærare inn i på konflikta som var før og etter årsmøtet 20. mai. Fleire medlemmer tek ordet og seier dei vil oppmode klubben om å halde fram med godt samspel.

Sak 2. Valkomiteen må legge fram sitt forslag på nytt til årsmøtet

Etter råd frå NBF vert det først stemt over om ein skal ha nytt valg. 20 medlemmar stemte ved handsopprekking for å holde nytt valg av styre i brigdeklubben. Det var fleirtal for nyvalg.

Leiar i valkomiteen orienterar

Med bakgrunn i kort tid til å finne nye kandidatar og at ingen har meldt seg frivillig som kandidatar til verv, legg valkomiteen fram forslag om at det sittande styret vert valt på nytt. Leiar, kasserar og begge styremedlemmane er på val. Nestleiar er ikkje på val.

Det kjem benkeforslag om Arnt Rune Rausand som leiarkandidat.

Arnt Rune Rausand vert vald som ny leiar med 21 stemmer. Kjell Øye fekk 5 stemmer. Det var 4 blanke stemmer og eit medlem som ikkje stemde.

Innstillinga frå valkomiteen for dei andre medlemmane i styret vart vedtatt som framlagt.

Styret i Molde bridgeklubb for 2020/2021

Leiar: Arnt Rune Rausand – vald for 2020/2021

Nestleiar: Pål H. Dahl – ikkje på val

Kasserar: Hanne K. D. Øverland – vald for 2020/2021

Styremedlem: Sigmund Bakkemyr – vald for 2020/2021

Styremedlem: Unni Rausand – vald for 2020/2021

Tema utanfor saklista - leige av lokale

Leige av nye lokale for Molde bridgeklubb vart diskutert på det ekstraordinære årsmøtet. Dette var utanom saklista til årsmøtet, men ref finn det likevel rett å notere ned punkt frå denne diskusjonen. Kva lokale ein skal nytte er eit tydeleg viktig tema for dei frammøtte samtidig som prosessen rundt valg av lokale gjere det utfordrande å samlast og bli enige. Temaet gjekk som ein raud tråd gjennom møtet.

Før møtet fekk dei som ønska det omvising i begge lokala som er aktuelle å leige for bridgeklubben, Krybba og Harmonien.

- Årsmøte 20. mai ga styret fullmakt til å inngå kontrakt med huseigar til Krybba. Det vert diskutert om fullmakt skal forståast som ein forpliktelse for det nye styret til å inngå kontrakt. Det er ulik oppfatning om dette blant dei frammøtte på årsmøtet, medlemmane i styret har også tolka dette ulikt.
- Krybba var einaste forslaget til leigealternativet ved årsmøtet 20. mai. Kort tid etter årsmøtet kom det forslag om å leige lokale i Harmonien
- Pris på husleige og andre fasilitetar ved leige av lokale på Harmonien vart lagt fram av Bjørn Hurlen som representerte eigar.
- Husleige og kostnader med å leige på Krybba var lagt fram på årsmøte 20. mai, dette vart informert om på nytt.
- Det vart sagt at sjakkklubben ønskjer å leige lokala saman med bridgeklubben i Krybba. På denne måten kan kostnadane der bli redusert, samtidig vil ein bli mindre einerådande over lokala. Om det er interesse for å dele på lokalet er noko usikkert. Differansen mellom husleige på Harmonien og Krybba blir mindre om ein får til ei leigeavtale med sjakkklubben på Krybba.


- Dei aktuelle lokala framstår som svært ulike både med omsyn til kostnader, innsats frå klubben, tilkomst til lokala og anledning til bruk. Dei frammøtte på årsmøtet var også delt i synet på kva lokale som er best eigna for klubben sitt behov.

Dei relativt høge kostnadane med lokale på Krybba blir bemerkta under årsmøtet. Det vart kommentert at dersom leigekontrakt vert inngått må økonomien og summen av investeringane vere berekraftige for klubben. Det blei ikkje vedtatt ansvarsfriheit for styret – styret har difor ansvar for kostnader med eit nytt leigeforhold.

Etter det ekstraordinære årsmøtet vart delar av gruppa igjen for å diskutere vidare nye lokale for bridgeklubben.

Underskrift av protokoll

Molde 12/6-2020


Tor Gunnar Hågbo

Molde 12/6-20

Inger Marie Dahle

